

# Kvinnherad kommune

Rådmannen  
Kommunalteknikk

Hordaland Fylkeskommune  
Samferdselsavdeling  
Vegseksjonen SAMF AVD  
Agnes Mowinkelsgate 5  
PB 7900  
5020 BERGEN

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.000083


post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Hordaland fylkeskommune

30 MAR 2016



Saksbehandlar  
Ivar Kåre Døssland

Tlf. direkte innval  
53483255

Vår ref.  
2015/3538-4

Dykkar ref.

Dato  
14.03.2016

## Tilskotsordninga til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan - frist 1. april

Kvinnherad kommune søker med dette om stønad til rullering av Kommunedelplan for Trafikksikring og utarbeiding av handlingsdel som skal implementerast i planen.

Trafikksikringsplanen er gjeldande for tidsrom 2012 – 2020, og det er teke høgd for at den skal rullerast ein gong i planperioden.

Kvinnherad kommune ser for seg ein grundig gjennomgang av den fysiske tiltaksdelen i planen, god kunngjering om arbeidet og innhenting av innspel på eit breit grunnlag.

Ettersom Kvinnherad kommune no har søkt om status som trafikksikker kommune, og har von om å koma med, er det og aktuelt med ei omlegging av den delen av planen som går på opplæring, opplysning og handlingsskapande arbeid. Dette for at innhald og målsetjing skal samsvara med det som er grunnlag og verkemiddel for trafikksikker kommune arbeidet.

Kvinnherad kommune tenkjer seg at arbeidet med rullering av planen vert utført som prosjektarbeid, og at dette vert utført etter PLP – metoden. Kvinnherad kommune vert prosjekteigar, og ein innleigt konsulent får sekretærfunksjon. I prosjektgruppa tar vi sikte på å få med aktørar frå blant anna politi, vegvesen, Trygg Trafikk.

Arbeid med innsamling av gunnlagsdata, og rullering av plan, vil bli gjennomført i løpet av 2016.

Ein tar sikte på at endeleg politisk godkjenning av plan føreligg ved årsslutt 2016.

I 2017 skal det lagast ein kommunedelplan for samferdsle der Trafikksikringsplan inngår som ein del av samla plandokument, og rullering vert utført etter same frekvens som øvrige kommunedelplanar.

Kostnader:

Konsulentutgifter, trykking av plandokument: kr. 300 000.-

Administrative utgifter i planprosessen: kr. 300 000.-

Kvinnherad kommune søker om tilskot på kr. 300 000.- til dekking av konsulenttenester og trykking av plandokument, og håpar på eit positivt resultat av søknaden.

Med venleg helsing!

Ivar Kåre Døssland, 970 24267.

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kvinnherad kommune søker om tilskot på kr. 300 000.- til dekking av konsulenttenester og trykking av plandokument, og håpar på eit positivt resultat av søknaden.



Ivar Kåre Døssland

Med venleg helsing!

Ivar Kåre Døssland, 970 24267.

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*